



# Møteprotokoll

**Utval:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

**Møtestad:** Teams

**Dato:** 22.05.2023

**Tidspunkt:** 08:30 - 09:30

## Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leder	VANG
Marit Sletten	Nestleder	LOM
Trude Brosvik	Medlem	VLFK
Turi Elise Kaus	Medlem	IFK
Harald Sve Bjørndal	Medlem	VÅGÅ
Ivar Kvalen	Medlem	LUSTER
Hilmar Høl	Medlem	ÅRDAL

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

## Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

## Merknader:

Rigmor Solem møtte frå SNO-Jotunheimen.

## Andre frammøtte:

Namn
Kari Sveen
Eldrid Nedrelo

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som blei vedteke på møtet.

Leif Solemsli

Trude Brosvik

# Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 18/2023	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 19/2023	Referatsaker		
ST 20/2023	Delegerte vedtak		
ST 21/2023	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Autorisasjon av besøkssteder nasjonalpark		2023/5516
ST 22/2023	Eventuelt		

## **ST 18/2023 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen -  
22.05.2023**

### **Behandling**

Trude Brosvik vart føreslått til å signere protokollen saman med styreleiar.

### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden godkjent.

Trude Brosvik signerer protokollen saman med styreleiar.

## **ST 19/2023 Referatsaker**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen -  
22.05.2023**

### **Behandling**

Ingen referatsaker til handsaming.

### **Vedtak**

## **ST 20/2023 Delegerte vedtak**

**Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen -  
22.05.2023**

### **Behandling**

Ingen delegerte saker til handsaming.

### **Vedtak**

# ST 21/2023 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Autorisasjon av besøkscenter nasjonalpark

## Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen tilrår at det blir etablert eit besøkscenter for Jotunheimen nasjonalpark på vestsida av Jotunheimen.

Fortun Grendalag kan vise til god plassering med tanke på tal besøkande, initiativ til godt samarbeid med ei rekkje aktørar, inkludert forvaltinga. Føremålet med besøkscenteret viser forståing for samanhengen mellom naturgevrne forhold med naturverdiane og utfordringane ein kan stå ovanfor med auka bruk i Hurrungane-området.

Utladalen Naturhus ligg i innfallsporten til Utladalen landskapsvernområde, og stiftinga viser til at eit besøkstal i løpet av sesongen kan ligja ligg på rundt 25 000 - 30 000, men at det er potensiale for fleire besøkande med autorisasjon som besøkscenter. Naturhuset har ei utstilling frå 1998, med informasjon oml kuturlandskapsverdiane i området, med gardane, stølane og skjøtsel, samt dei tidlege tindebestigarane som hadde Utladalen som utgangspunkt. Naturhuset har etablert samarbeid med forvaltinga, og har gjennomført årleg skjøtsel i Utladalen dei siste 25 åra.

Forvaltingsknutepunktet er etablert i vest på Rådhuset i Luster med eit breitt samla fagmijø. Frå dette knutepunktet vil ein samarbeide godt med eit besøkscenter uavhengig av plassering, sjølv om det kan vere ein fordel at fleire av samarbeidspartane er samlokalisert.

--- slutt på innstilling ---

## Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 22.05.2023

### Behandling

Fleire av styremedlemmane kommenterte prosessen knytt til utlysinga av autorisasjon for eit besøkscenter for å ta imot gjester frå vestsida av Jotunheimen.

Førespurnaden om ei støtteerklæring frå nasjonalparkstyret kom etter at søknadsfristen var gått ut. Nasjonalparkstyret meiner derfor det er vanskeleg å skulle stille dei aktuelle søkjarane opp mot kvarande, og støttar framlegget til innstilling.

### Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.

## **ST 22/2023 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 22.05.2023**

#### **Behandling**

Kari Sveen orienterte om at sikteskiva på Sognefjellet er komen på plass, og at det blir planlagt med opning i starten av juli.

#### **Vedtak**